

Til sak 4

Årsmelding for 2015 for Hadeland dialekt- og mållag

til årsmøtet 15. februar 2016

Hadeland dialekt- og mållag har i 2015 hatt 6 styremøte. Styret har vore sett saman av leiar og skrivar Reidun R. Sørensen, nestleiar Magunny Sæbø, kasserar Helge Midttun, styremedlemmer Torill N. Klevmark og Rolf Theil. 2. vara Gunvor Kjendlie har møtt ofte.

Årsmøtet 18. februar 2015 hadde vi i biblioteket i Vassenden. Magunny Sæbø leia årsmøtet, og det var sju medlemmer til stades. Årsmøtet vedtok mellom anna å namneendring frå Hadeland Dialekt og Mållag til Hadeland dialekt- og mållag.

Minnestund over A. O. Vinje

17. mai-morgonen var kald og våt, og Reidun Sørensen ønska velkommen inne i Mariakirken. Mannskoret KK opna med to songar, og professor Rolf Theil heldt minnetale der han takka Vinje for at Stortinget 12. mai 1885 vedtok: «*Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole- og officielt Sprog sidestilles med vort alminnelige Skrift- og Bogsprog.*» Vi song allsong inne før vi gjekk ut, og Rolf la blomar på grava til Vinje. 17. maikomitéen på Granavollen hadde laga til kafé i kommunehuset der tilhøyrarane fekk ein varm kopp kaffi etterpå.

Dødsdagen til Vinje 30. juli 2015, markerte vi i år også i samarbeid med Kirken i Gran. Først samlast vi ved grava og fekk foredrag, kaffi og omvising på Presteenkesetet Sjo etterpå. Skodespelar Ragnhild Vannebo kom heilt frå Trondheim for å lese dikt for oss, og ho la ned krans på grava. Det regna jamt, så vi gjekk raskt over til Sjo der Ragnar Thorbergsen stilte spørsmål om korleis det kunne ha seg at Vinje kom nettopp til Sjo då han kjende at livet lakka mot slutten.

Dialekttempen for Hadeland

Styret samarbeider godt med Dialekttempen i Kristiansand som lagar gradestokkar med dialektord frå bygd og by. Bjørn Liaklev og Gunvor Raastad laga dialektorda til skalaen, og styret plukka ut eit motiv frå kvar kommune til gradestokken: Søsterkirkene på Granavollen, statua av glasblåsaren utanfor Hadeland Glassverk, Jevnaker og Solobservatoriet, Harestua, på Hadelands tak. Første leveringa fekk vi i midten av oktober og sidan har laget vore grossist for Dialekttempen.

Organisasjonsnummer 916 301 189

Sal av Dialekttempen for Hadeland gjekk over all forventning. Vi kom fort over 140.000 kr i omsetning og brått tok det til å haste å få det formelle i orden. Helge og Reidun fekk møte med Hadeland Regnskap AS og dei tok på seg regnskapsføringa og å fakturere på nytt for å fylle kravet til nummererte fakturaer. Prisantydningen var mellom 5.000-10.000 kroner i året om det blir 60 fakturaer per år. Men fordi vi ikkje hadde ordna med registrering før vi tok til å selje, pådrog vi oss ekstraarbeid og kostnader. Vi må fakturere utan mva til vi er registrert i MVA-registeret. I november søkte vi registrering i Frivilligregisteret, Foretaksregisteret og MVA-registeret. Søndag 13. desember var søknaden endeleg fullstendig med alle vedlegg og

elektroniske underskrifter på plass. Måndag 14. desember var registreringa godkjent og laget hadde fått orgnr i Frivilligregisteret og Foretaksregisteret.

MVA-registeret

Skatteetaten hadde fått søknaden vår oversendt 16.12.2015. 22.01.2016 vart vi godkjend som mva-pliktig.

Hadeland Litteraturforum

Reidun Sørensen har vore vår representant i Hadeland Litteraturforum, som er eit samarbeid mellom Gran bibliotek, Foreningen Norden Gran, Randsfjordmuseene, Kirkeakademiet på Hadeland – forum for tro og tvil, Hadeland dialekt- og mållag og Hadeland Seniorforum. Aktivitetar i litteraturforumet skal vere eit tillegg til den aktiviteten dei enkelte medlemsforeningane driv sjølve. Forumet vil utvikle ein lokal litterær møteplass med et variert program. Litteraturkveldane er lagt til Gran bibliotek i perioden september - mars. Kvar medlemsforening har ein eller to representantar i forumet.

Etter eit raskt årsmøte 18. februar 2015 var vi vertskap for ein forfattarkveld med Sigrun Slapgard. Det var vårt bidrag i regi av Hadeland Litteraturforum. Gunvor Raastad var vertinne for kvelden. Foredraget var fint, men diverre var det dårleg vær og svært glatt føre, så det kom bare 21 betalande tilhøyrarar.

Også sommaren 2015 fekk forumet etter søknad 50 000 kr frå Fritt ord til arbeid for ungdom i alderen 13-19 år. Overskriften for utlysningen var «Ungdom / Litteratur / Bibliotek». Vårt bidrag vil bli å gje ungdomsskuleelevane på 9. steg ved Brandbu ungdomsskole på 10. steg ved Gran ungdomsskole besøk av forfattar Anders Rydland, Oslo i januar 2016. I tillegg er vi medarrangør i mars 2016 med presentasjon av biografi om Jon Fosse.

Austmannalaget

Reidun Sørensen er 1. vara til styret i Austmannalaget, men laget var ikkje representert på årsmøtet i Austmannalaget i Folldal. Reidun prioriterte vårseminaret i Fredrikstad i april 2015, der Rolf Theil tala over temaet «Er nynorsk eit eige språk?»

Styret og tillitsvalde etter årsmøtet i 2015:

Leiar og skrivar Reidun R Sørensen, nestleiar Magnny Sæbø, kasserar Helge Midttun, styremedlemmer Torill Nedberge Klevmark og Rolf Theil.

Varafolk: Kristi Holstad Løvstuhagen og Gunvor Kjendlie.

Ettersynsmann: Erling Flem.

Valnemnd: Else Randi Kvåle og Aase Lynne.

Per 31.12.2015 har laget 34 gyldige medlemsskap, mot 30 i fjor. 26 medlemmer bur i Gran, 3 i Lunner, 4 i Jevnaker og 1 bur utanfor Hadeland.

Styret